

# **Årsmelding Undheim Sokneråd 2024**

«Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram.

Merkar de det ikkje?

Ja, eg legg veg i ørkenen, elvar i øydemarka.»

Jesaja 43,19

«Eg vil gjera deg vis og læra deg den vegen du skal gå,  
eg vil la mitt auge kvila på deg og gje deg råd.»

Salmane 32,8

## **Supermix**

Me starta opp igjen 16. januar, og fekk fleire kjekke samlingar utover våren. Samlingane har vore ein kort andakt, hobbylaging og nokre gonger leiking.

Etter sommaren starta me opp igjen 10. september.

Supermix var med på gudstjenesta på 17. mai, julegrantenninga og Syng julia inn, og hadde litt songøving med Kari Reiten før desse.

Me hadde totalt 14 samlingar, der det var rundt 25 ungar på kvar samling.

Gunn Årdal Helland og Arnfrid Bjelland leia arbeidet med hjelp av foreldre på samlingane.

## **UGLA GUTTELAG UNDHEIM**

UGLA GUTTELAG UNDHEIM er tilslutta Det Norske Misjonsselskap.

Samlingsstad og tid: Undheim skule annankvar tysdag frå kl 19.00-2015

Målgruppe: 4-7 klasse gutter.

Oppslutning: 15-23 gutter har møtt på samlingane.

Medlemskontingent: 50 kr.

Leiar og vaksne frivillige: Torbjørn Garborg, Amund Undheim, Vidar Undheim, Gisle Oddane, Asle Risa, Trond Stiansen, Torbjørn Øglend og Nils Arne Fosse.

Det har vore 14 samlingar i 2024. Kveldane starta med ein andakt, og vart som regel avslutta med ein ja/nei quiz.

Aktivitetar: Trearbeid, innebandy, kosekveldar med servering av pølser eller pizza + leikar og konkuransar, juleavslutning på Lende, besøk frå NMSU, basar og turar.

Det har vore jamt godt frammøte av gutter i 2024. Turane som me i UGLA tar ut i naturen, er alltid gilde. I tillegg til Sælandsskogen, hadde me i år eit interessant besøk til torvløa på Myrebø. Og på Mellemstrand vart me velsigna med strålande ver, då me trekte garn og steikte aure og pølser etterpå

På basaren kom det inn litt over kr 24000, som vart sendt til Det Norske Misjonsselskap. Me i UGLA er glade for at me kan få vera med å hjelpe til at barn og unge i andre land kan få eit betre liv. Det er også gildt at me får vera med på å spreia kunnskap om at Jesus er glad i oss, og har gjort store gjerningar for oss.

26.01.2025

Torbjørn Garborg

Leiar for UGLA GUTTELAG UNDHEIM.

## **Undheim sundagsskule 2024**

2024 har vore nok eit godt år for sundagsskulen på Undheim.

Me hadde sundagsskulen 13 gonger dette året, 7 gonger om våren og 6 gonger på haustsemesteret. Det har vore eit snitt på 24 deltagarar per samling, noko som me set veldig pris på!

Me har hatt cirka 46 forskjellige registrerte barn som har vore innom 1 gong eller meir, og i 2024 var det 32 betalande medlemmar.

Det store høgdepunktet er karnevalet i februar, og som andre år hadde me toppnotering med 35 barn til stades.

Alle aldersgruppene på sundagsskulen er ilag, noko som fungerer veldig bra. Det er ein fin dynamikk mellom dei små og store og trivselen har vore god.

Sundagsskulen startar klokka 11.00 og varer til 11.45. Nokre kjem ned frå gudstenesta, medan dei fleste møter direkte i døra.

Her er litt av det me gjer: Registrering, tenner lys og ber, synger ilag, gjer gåve til Stefanusbarna i Egypt, opnar skattekiste, hører bibelhistorie og lager noko eller eventuelt leiker.

Me er takknemlege for alle som kjem til Undheim sundagsskule og vårt ynskje er at nye generasjonar får lov å bli kjent med Jesus.

Leiarar i 2024 har vore: Jakob Aardal, Tage Emil Good, Linn Cecilie Høiland, Linda Maria Undheim, Kjellaug Wold og Birte Skretting Auestad . (Pia Norunn Risa er kasserar)

Undheim sundagsskule  
ved Jakob Aardal

## **Open Kjellar 2024**

Fyrste samling i 2024 var 12.januar. Mange glade born/ungdommar på plass. 9.februar hadde me karneval. Det var stor suksess! Det kom cowboyer, prinsesser, klovner, arbeidsfolk, fotballspillere, Jesus, dyr og mykje anna. Me bestilte pizza som alle fekk. 7.juni var siste gong før sommaren, då var også 4.klasse invitert, samtidig som me hadde ei lita avslutning for 7.klasse.

Etter sommaren starta me opp igjen 16.august. I oktober hadde me filmkveld. Siste gong før jul var 6.desember, då hadde me nisselfest og serverte grøt og saft.

Totalt hadde me 13 samlinger med gjennomsnittleg 33 ungar på kvar samling, som har kost seg med biljard, bordtennis, brettspill, airhockey og litt snop frå kiosken.

Leiarar var Oddvar Undheim, Knut Undheim, Grete Aardal og Janne Vigdel Berge

## **UKUF**

Det var totalt 9 UKUF-samlingar i 2024. Litt færre en normalt grunna sjukemelding. Gjennomsnittleg oppmøte på 30 stk.

I 2024 har det vært et styre av 8 ungdommar i tillegg til Mona Handeland. Desse er: Lerke Tjåland, Christina Undheim, Mikal Marinius Aardal, Thea Haugen, Miriam Vigrestad, Tobias Undheim Rosland, Caroline Holen Storfjord og Alexander Andreas Wilhelmsen. Jon Kaspar Bjørge og Jan-Tore Erikstad har vore fast frivillig leder på UKUF-kveldane.

Våren blei berga av Astri Eikeland, Hanna Tveiten og Jon Kaspar Bjørge som tok ansvar i sjukemeldingsperioden til ungdomsarbeidaren.

UKUF hadde 36514,70 kr på konto 31.12.2024. Det er 6001,13 kr meir enn i 2023. Det har ikkje vært behov for å gjere større investeringar i 2024. De fleste utgiftene går til arrangement og til innkjøp av mat- og kioskvarer. Inntektene våre kjem frå medlemskontingent, sal av mat- og kioskvarer, og støtte frå kommunen, NMSU og Frifond.

## **Laust og Fast**

Laust og Fast er eit ope arrangement for pensjonistar og andre det høver for.

Det er eit gratis arrangement som er i Undheim Kyrkje, tredje onsdagen i månaden 14:00-16:00.

I 2024 hadde me sju møter: Februar, mars, april, mai ,september, oktober og november.

Styret består av Tordis og Steinar Sandvik, Else og Vidar Undheim, Anne Lise Undheim, Odd Ove Tunheim.

Me syng i lag, har noko å bite i, høyrer på ein invitert føredragshaldar og har eit ord for dagen. Føredragshaldar får eit gåvekort på middag for to på Undheim Samfunnshus. Me har loddosal som dekker innkjøp av gevinstar og mat.

Talet på personar som kjem varierer frå 45 til 65. Loddsalet varierer etter kor mange som kjem.

Netto inntekter 2024: 25.563,-

Laust og Fast averterer i Jærbladet, Kva skjer i Time, plakatar som vert satt opp fleire plasser i bygda og på kyrkja sin infoskjerm.

Overskotet går til Undheim Kyrkje.

## **Årsmelding Gudstenesteutvalet Undheim 2024.**

Gudstenesteutvalet består av fem medlemmar, prest, musikalsk leiar og tre styremedlemmar. Prest kallar inn til møte. Musikalsk leiar er tilbake frå sjukemelding. Ho er ein viktig person for oss i utvalet.

I 2024 hadde me tre samlingar. To om våren og ei samling i november kor det vart foreslått å gjennomføra tre temagudstener til våren 2025 med overskrift «Saman»: «Saman rundt bordet» (gjestfridom), «Saman i kyrkjelyden» (småfellesskap) og «Saman på tvers av generasjonane» (søndagsskule for store og små).

Utvalet ønskjer også ei fornying. Det blir jobba med å få nokre yngre medlemmer inn.

Godt for kyrkjelyden og soknepresten å ha ei slik gruppe å jobba med utvikling av gudstenestelivet.

En stor takk til medlemmane.

Nadine

## **Diakoni**

Årsmeldinga omfattar oppgåver der diakonen, saman med frivillige medarbeidarar, er involvert. Det er ikkje eige diakoniutval på Undheim. Mykje av det diakonale arbeidet er også felles tiltak saman med Time og Bryne. Det er ikkje mogleg å nemna kvar einskild med namn, men vi ønskjer å takka kvar og ein for den viktige oppgåva dei står i.

### Plan for diakoni

Det er utarbeidd ein lokal plan for diakoni, som ligg til grunn for den diakonale verksemda i kyrkjelyden. Diakoniplanen vert evaluert og oppdatert rutinemessig annakvart år. Neste evaluering og oppdatering av diakoniplanen blir våren 2026.

### Sorgarbeid / arbeid for etterlatne

Diakonen tek kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet, og det blir arrangert sorgstøttegrupper i samarbeid med heile Jæren - og Sandnes prosti. Gruppene startar opp fortløpande etter behov. Frivillige medarbeidarar er med som sorgstøttegruppeleiarar. Både deltarar og gruppeleiarar kjem frå Time. Andre sundagskvelden i januar vert det kvart år halde ein minnegudsteneste i Time kyrkje, organisert av Time sokn. Dette er eit felles arrangement for heile Time. Mange pårørande kjem til kyrkja for å minnast dei som har døydd i året som har vore. Namna blir lesne opp

og det blir tent lys. Over 100 namn blei lest. Mange menneske kom, og det blei eit flott arrangement.

Laurdag før Allehelgensdag hadde Time sokn arrangementet «Open kyrkje, tenn eit lys». Då vart kyrkjetorget i Time kyrkje halde ope, og folk kunne koma inn for å få varma seg, få noko å bita i og å samtala med nokon, medan dei besøkte gravene på kyrkjegården. Inne i kyrkjesalen hadde me eit times program med vekselvis orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Olav Egeland og Heidi Strand Harboe. Det blei eit flott arrangement. 37 menneske møtte opp.

Vidare har soknet tilbod om sorggruppe for barn frå 4.-7. klasse. Dette arbeidet er felles for Sola, Sandnes, Jæren og Dalane.

#### Arbeid for eldre

Det er viktig med heimebesøk. Jubilantar i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år får besøk med ei helsing frå kyrkjelyden. Besøka i 2024 vart stort sett gjennomførte av diakonen. Institusjonane i soknet blir også jamleg besøkte av prest eller diakon som held andakt eller gudsteneste der. Her er det bebuarar frå heile Time.

#### Bønearbeid

Bønekrukke og bønepostkasse gjer det mogleg å meld inn bønebehov. Bøne- og omsorgsgruppa tilbyr forbøn i og etter gudstenesta.

#### Arbeid for menneske med utviklingshemming

Ein sundag i månaden er det «Sundagstrekk». Dette er samlingar med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Då er det først allsong, mat og drøs i peisestova. Etterpå er det gudsteneste i kyrkjesalen i Bryne kyrkje. Ein god gjeng blir samla her kvar gong. Sommaravslutninga med grilling i Undheim kyrkje blei ein suksess. Me blei 26 stk.

Tur til Stavanger for å delta på hausttakkefest i Domkyrkja. Ein gong i året reiser sundagstrekk-gjengen for å vera med på hausttakkefest. Det var ei fin oppleveling å vera i den nyoppussa domkyrkja. Lik i fjor vart maten servert ferdig pakka i ein pose i staden for på fat. Mange opplevde at mingledelen vart borte då utdelinga av maten skjedde ved

slutten av arrangementet ved utgangen. Mange ga tilbakemelding om at dei ønskjer ei annleis avslutning. Mange ga uttrykk for å ha sakna betre tid for mingling. Dette arbeidet er felles for Bryne/Time/Undheim.

Ein gong i året kjem elevane frå avdeling for kvardagslivstrening ved Bryne på påskebesøk i Bryne kyrkje. Diakonen fortel påskehistoria for dei, medan kyrkjemusikaren har ansvar for musikkdelen.

I påska 2024 kom tre puljar med elevar. Det var sju elevar i kvar pulje. Andakten blei halden avdelingsvis. Arrangementet blei godt likt og fekk mange gode tilbakemeldingar. Dette arbeidet er felles for Bryne/Time/Undheim.

#### Arbeid for innvandrarar

Innvandrar treff i Bryne kyrkje: Kvar tysdag i 2024 samlast det mellom fem og åtte nasjonalitetar i Bryne kyrkje. Det er 20–25 stk. som møtest kvar gong.

Målet med arbeidet er at menneske med innvandrarbakgrunn får moglegheit til å øva på å snakka norsk, og dessutan å gje dei eit fellesskap og moglegheit til å dela erfaringar med kvarandre. Me har arrangert to festar i løpet av året 2024: grillfest og julefest. Det var godt oppmøte på begge arrangementa, og begge arrangementa var vellykka.

Utanom diakonen er det sju frivillige som hjelper til med dette arbeidet. Dette arbeidet er felles for Bryne/Time/Undheim.

#### Fasteaksjonen

I 2024 var det åtte konfirmantar i Undheim. Resultatet for heile Time var kr 190 494, medan det i Undheim sokn vart samla inn kr 18 842. Dette må seiast å vera eit veldig bra resultat.

**Tusen takk for stor innsats i det diakonale arbeidet i Undheim i 2024.**

Diakon Maria Praxedes U. Slettebø

## Kyrkjeleg undervisning og læring (tidl. trusopplæring) for barn og unge i Bryne, Time og Undheim

Trusopplæringa skifta sommaren 2024 namn til Kyrkjeleg undervisning og læring. Kyrkjemøtet har vedtatt revidert overordna plan, «Plan for kyrkjeleg undervisning og læring». Denne planen erstattar «Gud gir – vi deler». Den nye planen legg til rette for livslang læring gjennom deltaking, medverknad og skapande aktivitetar. Få å vera retta mot alle døypte barn og unge 0-18 år, er den nye planen for alle døypte og interesserte i alle aldrar.

Orda fasetiltak og tiltak blir erstatta med aktivitet og tilbod, gjerne merka med tidsavgrensa for å skilja mellom desse og det kontinuerlege arbeidet. Nye rammeplanar for arbeidet vil først koma i 2026, og gjeldande planar og arbeid blir reviderte etter behov. Det er det tidsavgrensa arbeidet (tidl. fasetiltak) som blir rapportert fortløpande, sjå tabellen nedafor. Det er til dette arbeidet at dei overførte midla skal nyttast.

Det har vore aukande samarbeid mellom sokna, og det er fleire aktivitetar og tilbod som er felles for Bryne Time og Undheim kyrkjelydar. Kyrkjelydspedagogane samarbeider om det meste. Dette gir større fleksibilitet for familiene som nyttar seg av aktivitetane og tilboda, og det er gode tilbakemeldingar frå føresette på dette.

Våren gjekk stort sett som planlagt, men hausten har vore prega av sjukemeldingar. Dette har ført til fleire avlysingar og/eller forkortingar av tilbod.

### Oversikt over avgrensa aktivitet og tilbod:

Alder	Tiltak	Oppslutning 2024 (2023) i parentes)	Anna
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: <b>66</b> (63) Time: <b>23</b> (34) Undheim: <b>11</b> (5)	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong	Bryne: 27 av 122 = <b>22%</b> (34%) Time: For få deltararar (27%) Undheim: For få deltararar (50%)	Samling annankvar veke
1-3 år	Småbarnstrall	Bryne: 19 av 200 = <b>10%</b> (9%) Time: 11 av 96 = <b>11%</b> (10%) Undheim: 0 av 36 = <b>0%</b> (0%)	6 samlingar, felles for sokna
2 år	Undretur	Bryne: Avlyst (17%) Time: Avlyst (8%) Undheim: 14 av 13 = <b>108%</b> (27%)	1 samling
3 år	Krøllekveld	Bryne: 7 av 75 = <b>9%</b> (21%) Time: 6 av 37 = <b>16%</b> (7%) Undheim: 7 av 16 = <b>44%</b> (50%)	1 samling
4 år	Fireårsklubb og Barnebibel	Bryne: 28 av 75 = <b>37%</b> (53%) Time: 8 av 27 = <b>30%</b> (37%) Undheim: 11 av 10 = <b>110%</b> (150%)	3 samlingar + gudsteneste
4-8 år, tidl. 5 år	Kor-Kickoff	Bryne: 48 av 394 = <b>12%</b> (21%) Time: 18 av 171 = <b>11%</b> (16%) Undheim: 0 av 52 = <b>0%</b> (3%)	Felles for sokna: 1 samling
5 år	Adventsklubb for 5-åringar	Bryne: 24 av 75 = <b>32%</b> (30%) Time: 18 av 39 = <b>46%</b> (28) Undheim: 4 av 7 = <b>57%</b> (100%)	1 samling

7 år, 1. kl Ny	Påskemysteriet for 1. klassingar, dåpsskule utgår	Bryne: 16 av 81 = <b>20%</b> (21%) Time: 15 av 31 = <b>48%</b> (39%) Undheim: 10 av 10 = <b>100%</b> (92%)	1 samling lørdag + gudsteneste
7 år, 2. kl	Plan B – Aktivitetsdag for 2. klassingar	Bryne: Avlyst (9%) Time: Avlyst (9%) Undheim: Avlyst (62%)	Felles for sokna. 1 dagssamling (planleggingsdag for skulen)
8 år, 2. kl Ny	Superheltsamling, pinsefart utgår	Bryne: 13 av 87 = <b>15%</b> (22%) Time: 15 av 43 = <b>35%</b> (24%) Undheim: 4 av 12 = <b>33%</b> (53%)	1 samling
9 år, 3. kl	Tårnagenthelg for 3. klassingar	Bryne: 17 av 74 = <b>23%</b> (19) Time: 14 av 38 = <b>37%</b> (37) Undheim: Ikkje i 2024 (62%)	Fre/lør 5 timer + gudst. søndag. U: 3. og 4. trinn saman, annakvart år
10 år, 5. kl	Lys vaken, planlagt å ikkje gjennomføra i 2024	Planlagt å ikkje gjennomføra både 2023 og 2024	Felles for sokna: Lørdag + gudsteneste
10-12 år, 5-8. kl	Tweens kick-off	Bryne: 50 av 293 = <b>17%</b> (35%) Time: 15 av 109 = <b>14%</b> (20%) Undheim: 8 av 46 = <b>17%</b> (43%)	Felles for sokna: 1 samling
15 år, 9. kl	Konfirmasjon	Bryne: 101 av 117 = <b>86%</b> (80%) Time: 36 av 47 = <b>77%</b> (82%) Undheim: 8 av 12 = <b>67%</b> (111%)	Totalt 60 timer

Det er mykje godt arbeid som blir gjort i tillegg til dette. Her inngår blant anna: Søndagsskular, barnekor, tweenskor, anna tweensarbeid, foreiningar og speidararbeid.

Den gode utviklinga i ungdomsarbeidet held fram. Det er mange ungdommar som samlast både i Varden, på UKUF og UngFokus.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

#### Stillingar innan kyrkjeleg undervisning og læring:

Kyrkjeleg undervisning og læring har til saman 1,4 stillingar som er dekka av trusopplæringsmidlar. Sokneråda har vedteke å styrka kyrkjeleg undervisning og læring med innsamla midlar, og difor er stillingane innan kyrkjeleg undervisning og læring større enn det som blir dekka av overførte midlar.

Desse har vore tilsette i ulike stillingsstorleikar i kyrkjeleg undervisning og læring: Marit Høie Hetland, Tone Vold, Ragnhild Hanssen og Ingfrid Time Nærland.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for kyrkjeleg undervisning og læring! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra.

Guds signing over arbeidet vidare.

13.01.2024

*Ingfrid Time Nærland*

## Årsmelding 2024 for UNDHEIM SOKNERÅD

Året rulla vidare som det hadde gjort i 2023. Roald Byberg heldt fram som sokneprestvikar, Kari Kaald Reiten i litt redusert stilling som organist, Mona Handeland som ungdomsarbeidar og Frode Skårlund som dagleg leiar.

Slik starta 2024.

Først så kom det oppseing frå ungdomsarbeidar Mona Handeland, deretter fulgte dagleg leiar Frode opp med å seie opp stillinga si for å samle engasjementet sitt til Time sokn. Så kom det melding frå Prosten om at Roald ville stå i sokneprest-vikariatet fram til sommaren, og at den 50% prestestillinga ikkje ville verta lyst ut. Prost og biskop lova at «prest skal de få» - og me måtte stola på det. Me kjente nok at me vart litt oppgitt, men takka vere Roald prest, Kari organist og vikar for henne, Sverre Undheim, hadde me fine gudstenester som heldt oss oppe. Trufaste leiarar i søndagsskule og andre frivillige i barne- og vaksen-arbeidet gjorde at alt gjekk sin gang.

Frivillige mødre heldt liv i UKUF med nokre samlingar fram mot sommaren.

Ved fleire høve har Undheimkyrkja vorte minna på og kjent på støtte i Bibelordet frå Jesaja 43:19.

Det heldt me fast på og stolte på.

«Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram.

Merkar de det ikkje?

Ja, eg legg veg i ørkenen, elvar i øydemarka.»

Takka vere gode og trufaste gjevarar, hadde gjevartenesta bygd seg opp i tider med mindre utbetalingar. Soknerådet hadde godt med pengar på bok. Derfor kunne me bruke pengar på ei 100% stilling som dagleg leiar kor Fellesrådet betaler halvparten. Håkon Rettedal Losvik var klar til å starte opp etter sommaren. Den delen som soknerådet betaler for er øyremerka «kyrkjelydsutvikling og ungdomsarbeidet.» Etterkvart fekk me melding frå Prosten at Nadine Vaagen ville vere hjå oss som sokneprest 50% og 50% i oppgåver for Jæren prosti.

Nå var her fleire som snakka om «ein ny vår til hausten» - og slik har det vorte. Ny giv og ny optimisme – og stor takk til Gud som heile tida kan skape og gjere nye ting. Me har merka det.

Soknerådet hadde 7 møter i 2024. Saker som har vore handsama er;

- Fordele ofringane på gudstenestene
- Fylgje opp rekneskap og økonomi
- Godkjent oppdatert Plan for diakoni i Undheim sokn
- Misjonsprosjektet: I løpet av hausten fekk me melding om at Terry English i Tsjekkia avslutta arbeidet sitt i organisasjonen Josiah Venture. Soknerådet tenkte at det var tid for å avslutta støtta til dei, og leiter pr. nå litt etter nytt prosjekt. I

mellomtida vil me støtta lokale ungdomar som er ute i teneste for Ungdom i Oppdrag.

- Innspel til kommuneplanen at me ønskjer nye scenelys til kyrkjerommet
- Vedtok at gudstenesta Skjærtorsdag går ut på Undheim, og me går i lag med Time og Bryne om gudsteneste i Brynekirka i 2025
- Saman med gudstenesteutvalet gått inn for temagudstenester våren -25. Tema «Saman»

Det er godt å kjenna på optimisme og stigande forventning for kyrkjelyden framover. La oss fortsett halda fram med å be, bruke dei ulike nådegåvene våre og arbeide for at stadig fleire skal «Søkja Gud, Møta nye venner og Få del i oppdraget..»

Soknerådet har nå «fått» eit nytt Bibelord til oss alle og til kvar og ein av oss. Salme 32:8

«Eg vil gjera deg vis og læra deg den vegen du skal gå,  
eg vil la mitt auge kvila på deg og gje deg råd.»

for Undheim sokneråd

Hanne Brit Sandmark